

# Forprosjekt

**Oppdragsgivar**

Dovre kommune

**Oppdrag**

Forprosjekt Dovre sentrum

**Rapport type**


Forprosjektrapport

**Prosjektnr.**

16243

**Dato**

10.05.2017



## Dovre kommune | Forprosjekt Dovre tettstad

Innhold:	side
<b>1 Om arbeidet med forprosjekt så langt</b>	<b>3</b>
<b>2 Målsetting med forprosjekt for Dovre sentrum</b>	<b>3</b>
<b>3 Forenkla stadianalyse som grunnlag for forprosjektering</b>	<b>4</b>
3.1 Dovre tettstad i dag	4
3.2 Dovre historisk	4
3.3 Landskapsrom og samanhengar	6
3.4 Bebyggelsesstruktur	6
3.5 Infrastruktur	7
<b>4 Universell utforming</b>	<b>8</b>
<b>5 Forprosjektets innhald - tiltak</b>	<b>8</b>
5.1 Overordna struktur	8
5.2 Øversida av skulen	10
5.3 Avkjørsle frå E6, Fv. 491	11
5.4 Coop-plassen	12
5.5 Fv. 491 Kongsvegen med kommunal veg mot Dovre kyrkje	13
5.6 Skilting og profilering av bedrifter	14
<b>6 Kostnadsoverslag</b>	<b>15</b>

## 1 Om arbeidet med forprosjekt så langt

Forprosjektet skal nyttast til å leggje føringar for framtidige tiltak i Dovre sentrum for å sikre ei mest mogleg heilskapleg utvikling av området. Initiativet til et tettstadutviklingsprosjekt på Dovre kom frå kommunestyret i forbindelse med behandling av kommunens økonomiplan.

For planprosessen er det nedsett ei arbeidsgruppe bestående av aktørar frå Dovre kommune, ulike lag og foreiningar, næringsliv og politikarar. Nordplan er fagleg konsulent for utarbeiding av forprosjektet.



Figur 1. Planområdet er avgrensa med raudt.

Dovre kommune gjennomførte eit initialet møte i arbeidsgruppa 25.04.2016. Møtet avklarte innleie av ekstern fagkompetanse til arbeid med forprosjektet. Forprosjektet hadde mål om å etablere grunnlag for:

- Løyvingar
- Prioritering
- Søknadar/spleiselag
- Innspel ny arealbruk og fysisk tilrettelegging

Referansegruppa har jobba godt i forkant og gav gode føringar for planutforminga.

Nytt arbeidsmøte i gruppa vart halde 13.02.2017, med innleidd konsulent. Her vart skisse til plan gått gjennom. Innspel og endringar er innarbeidd i endeleg forprosjekt i Dovre sentrum.



Figur 2. Konseptskisse som vart gjennomgått i arbeidsmøte 13.02.2017

## 2 Målsetting med forprosjekt for Dovre sentrum

Stadutformingsplanen for Dovre sentrum skal søke å utvikle eit sentrum med estetiske og funksjonelle gode løysingar som byggjer på ein heilskapleg plan for området. Sentrum skal vere ein attraktiv møteplass for bygdefolk og tilreisande med moglegheit for offentlege tenester, handel, aktivitet og kvile. Planen legg til rette for vekst og næringsutvikling.



Figur 3. Overordna landskap i Dovre

Tiltaka i planen er oppstramming av trafikkareal, og busshaldeplassar, grøntareal. Ønskt effekt av tiltaka er informasjon om verneområde, profilering av bedrifter og aktivitetstilbod, og større moglegheit for å nå fram med skilttak. Tiltaka bygger vidare på Dovres kompakte tettstadmiljø, eit attraktivt sentrum med meir plass som dreg nytte av Dovre sentrum sitt bygningsmiljø og funksjon som sosialt møterom. Det er lagt vekt på gode bindelinjer for mjuke trafikantar mellom dei ulike målpunkta i og utanfor planområdet, uteareal, nye tekniske ordningar og belysning. Planen legg til rette for ny grønstruktur, nye sosiale møteplassar og område for uorganisert leik og aktivitet. Planheftet er ei beskriving av planforslaget med bilde (bileta er henta frå internett) som kan vere til inspirasjon for framtidig utforming av Lesja sentrum. Gode førebilde er viktig!

### 3 Forenkla stadianalyse som grunnlag for forprosjektering

#### 3.1 Dovre tettstad i dag

Dovre er ei bygd i Dovre kommune, nord i Gudbrandsdalen.

Tettstaden inneheld skule 1. – 7. trinn, som saman med samfunnshuset utgjer den største bygninga. Staden inneheld daglegvarebutikk og fleir næringsaktørar, og en sentralt plassert kafé. I tettstaden ligg kommune-administrasjon i Dovre kommune. Tettstaden har om lag 500 innbyggjarar. Omkring tettstaden ligg store landbruksareal, med gardsbebyggelse og spreidd bustadbebyggelse. Jordbruk og turisme er dei viktigaste næringsvegane, i tillegg kjem mekanisk verkstad, meieri og steinindustri plassert nært sentrum.

Nord i tettstaden finn vi Dovre kyrkje som er ei tømra kyrkje bygd i 1736. Kyrkja har i dag utvendig skiferkleddning.

E6 går i dag utanfor sentrum mellom bygda og elva, og sentrumsvegen er å betrakte som lokalveg (fylkesveg 491). Staden har med dette gode trafikksbindelinjer utan at trafikkbelastninga i sentrum er for stor. Dovre sentrum kan ikkje no betraktast som eit kommunikasjonsknutepunkt.

#### 3.2 Dovre historisk

Landskapet rundt Dovre tettstad er forma gjennom framvekst av jordbruksland og etablering av bondebygd.

Dovre sentrum er bygd opp rundt dei større gardane og kyrkjestedene. På staden vart det i tilknyting til kyrkja etablert eit skulebygg, ysteri og andre viktige samfunnsfunksjonar. Med bilen vart ferdelsåra som går gjennom staden til en bilveg og sørvisfunksjonar som bensinstasjon og kafé vart etablert i staden. Frå 1950-tallet er etablering av bustadområda nord for Dragåe (Sauerwein-geilin), Einbuggafeltet og Slettenfeltet med på å auke innbyggartalet i sentrum. Hjerleid som skulestad og etablering av fleir næringsverksemder/industri påverkar også stadens utstrekning.

E6 vart rundt 1990 lagt utanfor sentrum og ein mindre del av trafikken gjennom Gudbrandsdalen fekk stoppestad i Dovre sentrum.

Dovre har i seinare tid vorte administrasjonssentrum i Dovre kommune og lokalsenter for handel i søre del av kommunen.



Figur 4. Dovre sentrum, flyfoto frå 1953. © Widerøes flyselskap AS/Maihaugen.

### 3.3 Landskapsrom og samanhengar

Tettstaden er definert gjennom at landskapet er avgrensa gjennom naturskapte og menneskjeskapte barrierar. Barriæreverknad oppstår der det er det blir visuelle brot eller der ferdsel og samanheng mellom område manglar. Eit forprosjekt bør innta ganske låg flyhøgd, det vil si at bygningar og vegar påverkar definisjon av rom. Vi har ut frå dette identifisert 7 delområde, der nokre av dei strekkjer seg ut over planområdet forprosjektet nytter som si avgrensing;

- a) Øversida av skolen
- b) Avkjøring fra E6
- c) Coop-plassen
- d) Kongsvegen
- e) Skolegården
- f) Dragåe ned mot E6
- g) Dragåe Almli verkstad- Dovre ysteri



Figur 5. Identifikasjon av delområde og samanhengar.

Dei viktigaste samanhengane er vist med pilar i illustrasjonen. Desse markerer viktige bindeliner mellom delområda, særskilt i funksjon som snarvegar/skuleveg. Det er også viktig å merke seg manglande samanheng mellom delområde. Dette er bindeliner som det kan være hensiktsmessig å forsterke/vidareutvikle.

Delområda e, f og g strekk seg utanfor avgrensinga av forprosjektet og vert ikkje fokusert vidare i forprosjektet. Det er imidlertid viktig å merke seg at desse inneheld viktige kvalitetar og funksjonar som kan utviklast i et vidare arbeid med utvikling av sentrumsområda.

### 3.4 Bebyggelsesstruktur


Tettstaden har ein god variasjon i type bygningar. Ein del større formålsbygg, t.d. skule- og samfunnshus, samt rådhuset er med på å danne staden. I tillegg til et tal relativt frittliggjande einebustadar.



Figur 6. Eksempel på forskjellige arkitektoniske uttrykk i Dovre sentrum

Nær sentrum og i omlandet finn vi landbruksbygg og spreidde næringsbygg og bustader. Næringsbygga har og element av industri, da utendørs lagring er relativt vanlig. Arkitekturen er variert og inneholder element fra mange forskjellige byggjestilar. Tømmerhus, skifer og måla tømmermannskledning i fleire fargar er viktige stikkord i det arkitektoniske uttrykket. Det er i hovudsak enkle line og formar i bebyggelsen, med varierande takform- og vinklar.

Viktige fasadar som er romdannande i bebyggelsen er Dovre skule, særleg austsida og Coop-bygget som dannar eit rom mot det trafikkmessige knutepunktet i tettstaden. Tettstaden har ein del innandørs møtestader, f.eks. i Coopbygget, Jetta kafeteria, samfunnshuset, men vi finn få og lite tilrettelagte grøne møtestader utandørs. Det er eit betringspotensial i å tilrettelegge for slike, da tilrettelagde møteplassar på offentlege uteareal kan ha kvalitetar som er etterspurd av fleir brukargrupper. Slike møtestader er og viktige for korleis besøkande oppfattar staden ved tilfeldige besøk.




Figur 7. Bebyggelsesstruktur i Dovre sentrum. Formålsbygg (raudt), næringsbygg (blått) og bustadbygg (gult).

### 3.5 Infrastruktur

Staden er preget av plasseringa langs E6 som hovudtransportåre, men som i nyere tid er flyttet ut av sentrum. E6 og jernbanen dannar i dag harde transportårer uten tilrettelegging for fotgjengere og syklister.

I hovudsak er det de dei mindre vegane der bilistar, syklistar og fotgjengjarar som ferda saman som er den mest utstrakte vegformen i Dovre sentrum. Stadvis er trafikken differensiert med fortau/gang og sykkelveg. Det er i alt 4 buss-stoppeplassar i umiddelbar nærheit til knutepunktet mellom Coop-bygget og Dovre skule. Vegnettet representerer her eit stort forbettingspotensial som kan være meir trafikksikkert, lesbart og estetisk. Mjukare transportårar som snarvegar, turvegar med rekreasjonelle kvalitetar, eller vegar der gang- og sykkeltrafikken er spesielt prioritert finn vi lite innslag av i sentrum. Her er også et forbettingspotensial både som forskjønnande tiltak og som fullverdige bindelinjer i sentrumsområdet.



Figur 8. Infrastruktur/kommunikasjon i Dovre sentrum.

## 4 Universell utforming

Tilgjengeleight handlar i stor grad om detaljar. Dei generelle kvalitetane innanfor planområdet skal utviklast slik at dei dekkjer behova for alle brukara. Erfaringar frå andre prosjekter syner at universelt utforma løysingar mest alltid gjer områda betre for alle.

At området er framkommeleg for rullestolar nyter også syklistar, barnevogner og rulleskøytarar godt av. Lettfatteleg informasjon i uteareal er viktig for personar med redusert syn eller hørsel, samstundes som det er nyttig for den som berre har det travelt.

Eit viktig prinsipp i forprosjektet har difor vore at dei offentlege romma i Dovre sentrum skal vere for alle. Forprosjektet er basert på løysingar frå Statens vegvesens handbok V129 Universell utforming av veger og gater. For at dette skal lykkast er det viktig at vidare all prosjektering legg følgande punkt til grunn:

- Utforming og materialbruk for funksjonshemma som ei integrert del av designen og ikkje som spesialtilpassa løysningar.
- Trygge og logiske bindelinjer
- Stigning ikkje brattare enn 1:20 på gangareal
- Trinnfrie overgangar alle stedar der det er mogleg
- Slette og stødige dekker som skal være lette å bevege seg på
- Terreng med lite fall, både lengde- og tverr fall
- God jamn belysning som ikkje blender
- God kontrast mellom material på ledefelt for svaksynte
- Overflatebehandling av asfaltflater for å oppnå kontrastar mellom kantavgrensing og asfalt
- Taktile (ujamn overflate) materiale som angjev ledefelt for blinde
- Gangareal utan lause element

- Egne soner langs gangareal for plassering av skilt, benker, sykkelstativ, tre, søppelstativ, osv.
- Gangfelt med nedsenka kantstein
- 2 cm kant ved alle nedsenkingar
- Få kryssingspunkt mellom køyreveg og gangliner
- Plantar som ikkje er allergiframkallande
- Lydhøve; skjerming mot støy
- God tilrettelegging av parkeringsplassar reservert og tilrettelagt for funksjonshemma. Kravet er at 5-10% av p-plassane skal vere HC. I planen er det 8% tilrettelagd for HC
- Tilrettelegging for enkelt og godt vedlikehald

## 5 Forprosjektets innhold - tiltak

### 5.1 Overordna struktur

Den overordna strukturen for forprosjektet bygger vidare på Dovres kompakte tettstadmiljø, eit attraktivt sentrum med meir plass som dreg nytte av Dovre sentrum sitt bygningsmiljø og funksjon som sosialt møterom. Det er lagt vekt på gode bindelinjer for mjuke trafikantar mellom dei ulike målpunkta i og utanfor planområdet, uteareal, nye tekniske ordningar og belysning. Planen legg til rette for ny grønstruktur, nye sosiale møteplassar og område for uorganisert leik og aktivitet. Målpunkt som er avhengig av gode ordningar for parkering og varelevering har fått naudsynte omsyn.

Tiltaka bør, samla sett gjera strukturen i Dovre sentrum betre, trafikk- og grøntareala utformast som gatetun/sentrumpark med vekt på mjuke trafikantar, estetiske, og funksjonelle kvalitetar.



Figur 9. Nedkopiert oversikt over tiltaka som er foreslått i forprosjektet.

## 5.2 Øversida av skulen


### 1. Gangsti/rasteområde

Her blir det opparbeidd ein gangakse gjennom «Skuleparken», som vil skape eit godt uterom framom bygningen, og legg vekt på å auke kvaliteten på den delen av arealet som får mest sol. Gangaksen etablerer ei viktig bindline mellom viktige målpunkt og vil i større grad enn eit fortau/gang- og sykkelveg kunne vera ein møteplass, areal for leik uteopphold i det offentlege rom. Sideareal møblerast på ein parkmessig måte med benkar, bossbind, belysning og vegetasjon og skal vere tilgjengeleg for funksjonshemma.



Figur 10. Benkar og lyspullert langs ny gangakse gjennom skuleparken.

Vi ser for oss ei uteomblering med solide benkar som står godt og krev lite vedlikehald. Gangvegen vert opplyst med pullert som gjev ei dempa belysning av underlaget. Kombinert med bakgrunnsbelysning frå trafikklys ved fylkesvegen vil ei slik løysing gje eit behageleg oppljost uteområde. Vi ser for oss at informasjonsskilt for verneområde som no står plassert ved Coop-plassen kan få ei meir sentral plassering i tilknyting til eit rasteområde i skuleparken. Det vil vera naturleg at informasjonsskilda flyttast i samband med at verneområdeforvaltninga rullar ut ein ny merkevareprofil.



Figur 11. Informasjonsskilt for verneområde, etter innføring av ny merkevarestrategi.

### 2. Leikepark/geometripark

Området utformast til ein leikepark med matematikk/geometri som tema. Ønskje er at område kan både fungere som ein attraktiv skulegard og eit område som vil være populært å nytte både av unge og eldre elles. Nye tre foreslås i sorten rogn, *Sorbus accuparia*, som reknaast som eit allergivenleg tre. Ein bør vurdere om den store bjørka her bør tas ned da ein del menneskjer reagerer allergisk på bjørkepollen. God skjerming mot trafikkarealet her er sentralt og det er god og oversikteleg plassering frå rastepllass og benkar ved gangpassasjen (pkt. 1). Viktig er også gjerde og beplantning av ulik høgde mot trafikkareaala. Vi ser for at det vert plassert nokre apparat, men at også dekket kan formast med eit geometrisk innhald.



Figur 12. Leikeapparat og dekkematerial med matematisk tema

I skuleparken er det foreslått bindeliner for å knyte områda betre saman, og forslag til møblering og installasjonar som skal gje parken eit innhald og funksjonelle kvalitetar. Eventuelle detaljplanar for området må utarbeidast i tett dialog med skulen.

## 5.3 Avkøyrsla frå E6, Fv. 491

### 3. Oppstramming av trafikkareal

Vegdekket i køyrearealet blir oppgradert frå innkøyringa til COOP og samfunnshuset, og fram i mot kryss med Kongsvegen. Oppstramming av sideareal der det etablerast eiit fysisk skilje mellom køyrearealet og areal for mjuke trafikantar. Gangliner forsterkast og knytast saman i eit meir lesbart gangsysteem, og uteområdet mot daglegvarebutikk og drivstoffpumper oppgraderast og knytast visuelt saman utan at dei store, køyrbare flatene vidareførast. Oppmerka fotgjengarfelt blir trekt ned mot busshaldeplassen , og får med dette og noko betre avstand til krysset. Det foreslåast ei forlenging av grønrabatten ned mot vestre avkøying til Coop, med nye, oppstamma tre før busshaldeplassen. Tilstrekkeleg manøvreringsareal for lastebil er tilstrekkeleg. Framom samfunnshuset merkast 15 stk. parkeringsplassar.



Figur 13. Som forbilde frå oppstramma trafikkareal har det vore nyttja miljøgateprosjekt i regi av Statens vegvesen. Her representert med bilde frå Hadsel i Nordland.

#### 4. Ny, tosidig busshaldeplass

Eit viktig grep i forprosjektet har vore å treffe eit val kring utforming av busshaldeplass i Dovre sentrum. Til erstatning for tidlegare kantstopp som har vore lite lesbar, er det teke inn ein ny, tosidig busshaldeplass sentralt plassert mellom skule/samfunnshus og daglegvarebutikken. Nye og forsterka bindelinjer mot kommunehus og kafeteria, gjev god tilgang til busshaldeplassen.

Det er lagt vekt på materialval av høg kvalitet med eit tydeleg fokus på at arealet er universelt utforma. Busshaldeplassen blir og møblert med sykkelparkering og leskur på både sida. Vi har prioritert å velje eit leskur av ein lettare type slik at skuret ikkje visuelt stengjer for synsliner mot viktige målpunkt som butikk, kafé, og kyrkje. Ny LED- belysning for vegareal og busshaldeplass. Sjå også tiltaksskildring av belysning under pkt. 6.



Figur 14. Forslag til nytt leskur: Moment leskur er eit lett og fint leskur i tre og glas. Bilde til høgre syner også korleis leielinene skal utformast.

#### 5.4 Coop-plassen

##### 5. Parkeringsmønster

Framfor inngangspartiet til COOP er det forslag om å trekke parkering bort frå hovudinngangen og måle opp parkeringsmønsteret slik at det blir meir eintydig. Forprosjektet teiknar inn 40 parkeringsplassar for personbil i tilknyting til Coop-plassen. Det merkast to parkeringsplassar for bevegelseshemma framom inngangen. Parkeringsplassen bør opparbeidast med kantstein mot gangareal for å hindre parkering på gangareal. Det er og teke inn ei rekke med tre i ein grøn rabatt mellom parkeringsrekkena som gjer at parkeringsflata blir brote opp i to mindre

flater. Beplantning på opne parkeringsplassar kan medføre visse ulempe ved snøbrøyting. Vår vurdering er likevel at fordelane med å bryte opp dei samanhengande, grå flatene er viktigare estetisk og funksjonelt i eit sentrumsmiljø.

Ein viktig verknad med å trekke parkeringa bort frå veggarealet og hovudinngangen er at ein sikrar tilgang til varelevering/post og det er mogleg å opparbeide eit torg inn mot inngangen som kan nyttast til utsal av varer frå bodar (av for eksempel lokale produkt), stands og liknande. Eit triveleg torg med aktivitet som kanskje også kan lokke reisande til å svinge innom.

Med prioritering av parkeringsplass der informasjonstavlene for verneområda no står blir det foreslått å flytte desse inn på parkeringsarealet. Dette er kommentert også under tiltak 1 i området på oversida av skulen.



Figur 15. Ved å trekke parkeringsareal eit stykke bort frå hovudinngang og fasadeliv på butikken kan ein gjere rom for å tilby utehandel i tilknyting til butikken.

## 5.5 Fv. 491 Kongsvegen med kommunal veg mot Dovre kyrkje

### 6. Oppstramming av trafikkarealet

Langs Kongsvegen mot Coop-plassen foreslår langsgående beplantning av oppstamma tre i ein allé. Denne grønrabatten stramar opp køyrearealet og tar inn att arealet til ei svakt definert busslomme som nyttast i dag. Det er viktig at gang- og sykkelvegen følgjer ny utforming slik at denne står fram som logisk og godt avgrensa med fysisk skilje mot parkeringsarealet på Coop-plassen.

Vegdekket i køyrearealet blir oppgradert i Kongsvegen frå og med kryss mot kommunal veg til kryss sør for kommunehuset. I det mest sentrale området av tettstaden foreslår vi tosidig fortau. Dette kjem som eit resultat av prioritering av å gje gode tilbod for mjuke trafikkantar der det er mest behov for dei. Fortaua har saman med forsterkning av den langsgående beplantninga ein oppstrammande effekt som kan føre til at trafikantar mjuke, som i bil har lettare for å forstå trafikkbiletet. Det tas inn eit opphøgd fotgjengarfelt mellom Skuleparken og Jetta kafé.

### 7. Gatelys, LED

Langs eit oppstramma gatebilete i Kongsvegen og ned mot ny busshaldeplass foreslår vi oppgradert belysning. Ny belysning vil være eit viktig ledd i satsing på universell utforming, fordi nye belysningstypar har betre linseteknologi som effektivt forhindrar blending. I alt 15 nye lyspunkt er teke inn i planen og bør byggjast samtidig med oppgradering av trafikkarealet. Belysning ved busshaldeplass og opphøgde gangfelt blir vidd særskild merksemrd.



Figur 16. Gatebelysning langs Kongsvegen i LED-teknologi. Særleg merksemrd er vidd ved fotgjengarovergangar. Trerekke i oppstamma rogn.

### 8. Jetta café

Nytt fortau vil føre til ei ryddigare avgrensing mot køyrearealet i Kongsvegen. Det er innteikna 8 stk p-plassa, sjølv om vi skulle ønske det var rom for nokre fleir plassar i tilknytt kafeteriaen. Vi har imidlertid gjort ei prioritering av oppstramming av vegarealet, og meiner dette saman med gode bindeliner til ander offentlege uteareal og tilgjengelege parkeringsplassar, gjev ein stor positiv effekt. Innkøyring til parkeringsplassen er lagt mot sør for å ha ein grei avstand til gangfeltet. I likskap med Coop-plassen meiner vi det kan ha god, positiv effekt å marke opp parkeringsplassane, og syte for at det blir etablert ei tydeleg, fysisk skilje mellom parkeringsarealet og gang/sykkeltrafikk.

## 9. Kommunehuset

Framom kommunehuset foreslår vi ei standardheving med nytt, universelt utforma dekke i smågatestein og heller med leieliner. Langs Kongsvegen, mot fortauet, blir det etablert ei trerekke i oppstamma rogn, *Sorbus accuparia*. Tresorten er vald ut frå at den reknast som allergivennleg, samtidig som den har eit pent utsjåande med sesongvise fargevariasjonar. Oppmerking av 39 parkeringsplassar og 2 HC-parkeringsplassar.

## 5.6 Skilting og profilering av bedrifter

I forbindelse med oppgradering av vegareal og sideareal er det naudsynt å gjennomføre ein komplett skiltplan for tiltaket, basert på vegvesenets handbok N300 Trafikkskilt. Det er teke inn ein stipulert mengde i kostnadsoverslaget. Eit ønskjemål for prosjektet er at skilting skal bidra til auka profilering av lokale føretak med tilgang til tenester og varehandel. Vår erfaring er at det kan vera svært vanskeleg å oppnå gjennomslag for profilering av føretak gjennom trafikkskilt. Innsatsen bør i staden bli brukt på ei fysisk tilrettelegging av staden, slik at denne opplevast positivt. T.d. kan det vera eit lite utnytta potensial i det kjende stadnamnet? Vi foreslår eit sentralt plassert skilt eller installasjon i eit godt material der DOVRE går fram tydeleg. Vi vil og foreslå at tiltaka for spesifikk profilering av lokale føretak og aktivitetar ikkje skjer gjennom fysisk skilting, men i form av lokalt initierte marknadskampanjar målretta mot fastbuande, tilreisande og hytteeigarar. Ei god historie kan forteljast gjennom godt produserte og tilgjengelege hefter og ferske oppslag, gjerne med eit sentrumskart for Dovre og omegn.



Figur 17. Eksempel på sentralt skilt med sentrumskart og informasjon om ulike aktivitetar. Trykte, små hefter med fersk informasjon kan ein finne i postkasse, som også kan setjast opp på andre strategiske plasser. Bilete frå Lom kommune.

## 6 Kostnadsoverslag

Plante/ vegetasjon	Mengde	Enhetspris	Sum post
Opparbeiding bed	70,00 m3	200	14000
Vekstjordlag	300 m2	200	60000
ny plen/ grass areal	300 m2	40	12000
Gatatrær, <i>Sorbus accuparia.so 12-14</i>	17 stk	5000	85000
Trebeskryttere	17 stk	400	6800
Treplantekum	4 stk	19000	76000
Skjøtsel av trær	17 stk	1000	17000
Busker/beplanting	90 stk	300	27000
Bark/duk	70 m2	300	21000
<b>kr 318 800,00</b>			

Gravarbeid/ Veg	Mengde	Enhetspris	Sum post
Skjæring asfalt	150 lm	110	16500
Riving asfalt	2 000 m2	55	110000
Bortkjøring/behandling av asfalt-avfall	120 m3	250	30000
Gruset gangsti 3m	500 m2	400	200000
Smågatastein skulder/felt	177 m2	1900	336300
Nytt asfaltert vegareal (komplett)	1 756 m2	500	878000
UU Varselsindikator/retningsindikator	11 m2	880	9680
Kantstein	380 lm	250	95000
Oppmarkering HC Symbol	4 stk	1500	6000
Oppmarkering overgangsfelt	70 lm	300	21000
Oppmarkering parkeringsareal	84 lm	90	7560
Belegg av betongheller	670 m2	1000	670000
<b>kr 2 380 040,00</b>			

VA	Mengde	Enhetspris	Sum post
Hydrant	1 stk	50000	50000
Komplett VA grøft	120 lm	3000	360000
Fjerning av kummar	1 RS	10000	10000
SF-kummar 650	4 stk	10000	40000
Hjelpesluk	4 stk	5000	20000
Stake/spylekummer	4 stk	10000	40000
Klargjøring, innmåling osv.	1 RS	30000	30000
<b>kr 550 000,00</b>			

Møblering/Park	Mengde	Enhetspris	Sum post
Montering av nye trafikkskilt	3 stk	3000	9000
Sentral skilt	1 stk	20000	20000
Park bord (April bord vestre)	3 stk	7800	23400
Park benk (April benk vestre)	6 stk	6000	36000
UU park benk	1 stk	14000	14000
Leik - Klatre element	1 stk	60000	60000
Leik - Småbarn Vippedyr	1 stk	10000	10000
Leik/Fitness Kolbøtte trio	1 stk	12000	12000
Fallunderlag	40 m2	800	32000
Sykkelstativ	10 stk	4000	40000
Ny info tavler (turistinformasjon)	3 stk	15000	45000
Flytting info tavler	1 RS	5000	5000
Busskur (Moment 3 felt Norfax)	2 stk	120000	240000
Port	2 stk	10000	20000
Endringer/ oppgradering gjerde	1 RS	30000	30000
Søppeldunker	2 stk	9000	18000
<b>kr 614 400,00</b>			

Belysning	Mengde	Enhetspris	Sum post
Kabelgrøft belysning	360 lm	740	266400
Belysning Pullert	5	7000	35000
Belysning Veg master LED	15 stk	15000	225000
<b>kr 526 400,00</b>			

Sum anleggskostnader	kr 4 389 640,00
Rigg og drift, ca 8% av byggekostnad	kr 351 171,20
Administrative kostnader 10%	kr 438 964,00
(Prosjektering, prosjektledelse, byggeledelse, gebyrer, regnskap)	
Uforutsette kostnader 20%	kr 877 928,00
<b>TOTAL prosjektkostnad</b>	<b>kr 6 057 703,20</b>

**Nordplan AS**

Telefon 57 88 55 00

[www.nordplan.no](http://www.nordplan.no)  
[post@nordplan.no](mailto:post@nordplan.no)

NO 948 081 768 MVA  
Bankkonto: 3790 05 03459